



Fløysand VA  
Fløksand 76  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/439 - 14/1230

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:  
03.02.2014

## Tilknytning til offentlig vassverk - gbnr 45/83 på Vikebø.

**Administrativt vedtak. Saknr: 06/2014**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, stempla motteke 20.01.2014, søkt om tilknytning til kommunalt vassverk for bustad på gnr. 45, bnr. 83 på Vikebø.

Eigedomen kal knytast til det kommunale vassverket via privat felles stikkledning, Øvre Vikebø vasslag, frå kum ved Skintveitvegen. Denne ledningen vart godkjent 12.12.2013, i sak DNT.462/13. Tiltakshavar er medeigar i denne ledningen.

Det ligg føre erklæring med løyve til å leggja ledning over gnr. 45, bnr. 12.

Eigedomen har privat avlaupsløysing med slamavskiljar.

### Vurdering:

Tilknytning til kommunalt vassverk skal skje i kum og elles på vanlege kommunale vilkår. Administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

### Vedtak

"Meland kommune godkjenner at gnr 45 bnr 83 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad stempla motteke 20.01.2014 og på følgjande vilkår:

Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" -  
Kommuneforlaget.

Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen  
når tilknytninga er utført.

Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2014 er tilknytingsgebyret for vatn  
kr 10 000,- pluss mva.

Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova, og  
etter delegert fullmakt frå rådmannen.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

## **Plan, utbygging og kommunalteknikk**

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

**Kopi til:**  
Inga Fløysand

Skintveitvegen 32 5917

ROSSLAND

**Mottakere:**  
Fløysand VA

Fløksand 76

5918

FREKHAUG